



Sak nr 22/2013

Møtedato: 19.6.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S772

S772, Nøsen – søknad om bygging av skåle

Rune Øygard søker om å få bygge ny skåle på stølen og rive utedo på 4 m². Skålen er på 3,8 x 5,4 m og er tenkt oppført i laft med skifer på taket. Skålen skal plasserast litt nord for det gamle selet.

Øygard driv i dag fôrproduksjon på stølen, men vil frå sumaren 2013 gå over til å beite arealet med fôringsdyr. Stølen er i bruk og søknaden skal behandlast etter § 10 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

På stølen er det ei løe på 36 m² og eit fjøs på 46 m² i tillegg til dei to sela.

Søknaden er sendt Oppland fylkeskommune og Statskog til uttale.

Oppland fylkeskommune har i brev datert 11.4.13 gjeve uttale med følgjande konklusjon: *Oppland fylkeskommune ved Kulturarveininga vil ikkje motsette seg at det blir gitt løyve til oppføring av ein skåle, som vist på dei vedlagde fotoa, eller riving av utedoen på stølen.*

Statskog har i e-post datert gjeve følgjande uttale: ... *Statskog mener det er tilstrekkelig med bygninger på stølen, inkludert fjøs og låve, til den bruken som søknaden viser til. Vi anbefaler fjellstyre å se på alternativ løysning ved å bruke eksisterende bygninger på stølen.*

Fjellstyret behandla søknaden i sak 13/13:

Fjellstyret utsett saka til befaring.

Fjellstyret såg på saka under befaring den 19.6.13 saman med søkjar og Statskog. Øygard opplyste at fjøset skal brukast til foringsdyra som skal gå på beite. Deler av løa vart brukt til midlertidig lager av ein gamal tømmerbygning som skal førast opp heime. Løa er på 36 m² og ligg relativt nær sela. Løa kan derfor brukast til skåle.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er tilstrekkeleg med hus på stølen ut frå drifta og avslår søknad om å bygge ny skåle. Vedtaket er gjort med heimel i § 10 stølsforskrift.

Vedtaket er einstemmig.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.4.13

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Rune Øygard
Statskog
Oppland fylkeskommune
Vestre Slidre kommune